



Økolog Ivar Baste får bondevenn-trøye av leiar Olav Hjetland Bringedal etter å ha halde foredrag om tilstanden på vår planet og utsiktene framover

**Under årsmøtet i Uskedalen Bondelag i Gamleskulen ikveld vart det gjeve uttrykk for stor skepsis overfor landbrukspolitikken til den nye regjeringa. Leiar Olav Hjetland Bringedal gjekk så langt som til å hevda at Høgre og Framstegspartiet ikkje har peiling på landbruk og Kjetil Mehl som møtte for fylkesbondelaget meinte regjeringserklæringa frå dei er sjølv motsigande.**

Mehl gav uttrykk for at bondelaget no har ei stor oppgåve med vaksenopplæring av politikarane som har overteke ansvaret og Hans Reidar Kjærland var for ein samanslutning av bondelaget og småbrukarlaget for å auka slagkrafta.

Fleire meinte imidlertid at dei nye i den politiske leiinga bør få ein sjanse til å syne kva dei vil før det vert laga nnokon strategi frå bøndene si side. Den fyrste testen vert handsaminga av statsbudsjettet om stutt tid.

Hjetland Bringedal kom ellers mellom anna inn på dei store utfordringane bøndene har hatt i år på grunn av sein vår og mykje skada eng. Det har også vore ein psykisk belastning og leiaren oppmoda bøndene til å ta vare på kvarandre gjennom besøk og betre kontakt.

Kjærland orienterte om sentrumsplanen som no skal utarbeidast. Han skal representere landbruket i referansegruppa med 10 og streka under at det er viktig å ha eit ord med i laget slik at det ikkje skjer uheldige disposisjonar. Ellers varsla han eit svar på kommunen si negative haldning til redusert fart på Kjerlandssido.

Rekneskapen for laget, som har hatt eit nytt aktivt år og har 58 medlemmar, synte eit underskot på 3374 kroner og ein bankbeholdning på 56 385 kroner. Hjetland Bringedal vart attvald som leiar medan Lars Haugland og Runar Myklebust takka for seg i styret. Dei vart erstatta av Andreas Kristoffersen og Kjetil Fossheim. Tor Ove Haugland og Hans Reidar Kjærland var ikkje på val i styret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen